



## HANDLINGSPLIKTA

### **Grunnskulelova §9a-3 andre ledd – plikta til å undersøke, varsle og gripe inn**

Dersom nokon som er tilsett ved skulen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev vert utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøke saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Regelen slår fast at alle som er tilsette ved skulen har ei handlingsplikt som inneber

- Ei plikt til å gjere undersøkingar
- Plikt til å varsle rektor
- Plikt til å gripe inn når det er naudsynt og mogleg

Handlingsplikta gjeld alle som er tilsette ved skulen ved at dei har eit tilsetjingsforhold/ ein arbeidsavtale med skuleeigar.

I tillegg til undervisningspersonale gjeld dette assistentar, vaktmeister, kontor- og reingjeringspersonale.

Hafslo, 15.05.15

Kjell Ertesvåg  
-rektor-